

Møteinkalling

Utval:	Fylkeseldrerådet i Hordaland
Møtestad:	Fylkeshuset, Fylkesutvalssalen
Dato:	06.02.2014
Tid:	10:15

Dagsorden:

- | | |
|------------------|-------------------------|
| kl. 10.15-12.00: | Sakshandsaming |
| kl. 12.00-12.30: | Lunsj |
| kl. 12.30-13:00: | Orientering - tannhelse |
| kl. 13.00-15.00: | Sakshandsaming |

Dersom nokon av rådet sine medlemar ikkje kan møta og må meldा forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast råd til telefon 99 51 83 33 eller epost til: ingeborg.borgen.takle@hfk.no.

Denne innkallinga gjeld valde medlemar i Fylkeseldrerådet. Varamedlemane får tilsendt saksdokumenta til orientering. Ved eventuelt forfall frå faste medlemar vil varamedlemar verta kalla inn *særskilt*.

Fylkeseldrerådet i Hordaland



Margot Bertheussen
leiar

Kopi til:

Fylkesordføraren
Fylkesvaraordføraren
Fylkesrådmannen
Forvaltningsbiblioteket

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/14	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 2/14	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 3/14	Godkjenning av sakliste		
PS 4/14	Referatsak (meldingar)		
PS 5/14	Ymse		
RS 1/14	Møtebok Fylkeseldrerådet 07.11.2013	2014/557	
RS 2/14	Reklamefinansiert kollektivtransport - sak til uttale	2014/1328	
RS 3/14	Uttale til Trafikksikringsplanen frå Fylkeseldrerådet	2014/557	
RS 4/14	Referat Fylkeseldrerådet - arbeidsutval 17.01.2014	2014/557	
RS 5/14	Uttale til Regional folkehelseplan frå Fylkeseldrerådet	2014/557	
RS 6/14	Budsjett 2014 for Fylkeseldrerådet	2014/557	
PS 6/14	Årsmelding 2013 frå Fylkeseldrerådet	2014/557	
PS 7/14	Mandat Fylkeseldrerådet	2014/557	
PS 8/14	Studietur til Island	2014/557	

PS 1/14 Godkjenning av møteinnkalling

PS 2/14 Godkjenning av møtebok forrige møte

PS 3/14 Godkjenning av sakliste

PS 4/14 Referatsak (meldingar)

PS 5/14 Ymse

MØTEBOK

Fylkeseldrerådet i Hordaland

Dato: 07. november 2013 **Kl.:** 12.00-16.30 **Stad:** Fylkeshuset, Fylkesutvalssalen, 3.
et

Saknr.: 20/13 - 24/13

MØTELEIAR

Bertheussen, Margot (PF)

DESSE MØTTE

Hansen, Jette Lunemann (A)
Vik, Dagfinn (FRP)
Trædal, Arne Gunnar (FSF)
Davidsen, Anne-Karin (LOP)
Ystanes, Kåre (PF)
Reigstad, Monrad (PF)

FORFALL

DESSUTAN MØTTE

Barbara Harterink, Internasjonal avdeling

MERKNADER TIL INNKALLINGA

Det var ingen merknader til innkallinga.

GODKJENNING AV SAKLISTA

Det var ingen merknader til sakslista.

GODKJENNING AV MØTEBOKA 12.09.13

Det vart merka at språket i møteboka vekslar mellom nynorsk og bokmål. Dette må verte betre.

På side 2 i møteboka ønskjer rådet å endre setninga: «*Bergen Turlag og Bergen Eldreråd har meldt at de klarar seg sjølv, og at arrangementet vil finne sted i en kinosal på Magnus Barfot frå kl 10, med enkel bevertning, song, musikk og innleiar.*» til «*Bergen Turlag og Bergen Eldreråd gjennomfører arrangementet i ein kinosal på Magnus Barfot frå kl 10, med enkel bevertning, song, musikk og innleiar.*».

Det var ingen fleire merknader til møtebok av 12.09.13.

YMSE

Kåre Ystanes deltok på ein konferanse arrangert av Norsk Boligbyggelag i samarbeid med Husbanken. Denne var særskilt nyttig, og det vart til dømes nemnt at NAV og Husbanken saman rusta opp bustader i Årdal frå etterkrigstida med heiser.

Fylkeseldrerådet er informert om at fylkeskommunen har jobba med eit mandat for rådet, på lik line med at Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Mandatet vart delt ut i rådsmøtet til informasjon og vert satt opp som sak på neste rådsmøte. Det er ønskjeleg at det stillar nokon frå administrasjonen som er tilgjengeleg under diskusjonen av saka ved behov.

Korleis skal fylkeseldrerådet få gjennomslag for sakane sine i fylkeskommunen? Er det andre måtar å jobbe på? Det er ønskjeleg at dette vert tatt opp som sak på neste møte for å vere litt meir målretta i arbeidet framover.

Det vart avtalt et AU-møte den 9. november kl 10:00.

MELDINGAR

Periode: 12. september 2013 - 07. november 2013
Nr. Arkivsak Referatsakstittel

25/13 201112604-187 Referat frå møte i arbeidsutvalet 08.10.13

SAKNR.

20/13 ELDRERÅDSKONFERANSEN 2013 - EVALUERING

Fylkeseldrerådet meiner at staden og service på Grand Hotel Terminus var særsla bra, men at bygget kan vere litt utfordrande for dei som har noko nedsett funksjonsevne. Teknikken fungerte utmerket og det var bra med hjelp ved trøng. Innhaldet på konferansen var vellukka, og særlig Odd Grann og Brita Blomquist har rådet fått mange positive tilbakemeldingar på. Det var ønskjeleg å ha noko meir tid til spørsmål til Matti Torgersen som prata om folkehelseplana og aldersdiskriminering kunne få meir plass i programmet. Underhaldninga på kvelden var særsla bra. Det var mange positive tilbakemeldingar frå deltakarar under arrangementet. Rådet vil sjå på moglegheit til å ha eit evalueringsskjema på neste konferanse.

AVGJERD

Fylkeseldrerådet konkluderer med at det var eit bra arrangement med bra innhald.

21/13 VESTLANDSSAMARBEIDET - EVALUERING

Team på seminaret var interessant, men man skulle ønskje å hatt meir tid til å utveksle erfaringar på tvers av fylka. Det var satt av tid til å informere frå kvart fylke og det var positivt. Kvelta på Oljemuseet og Bølgen o'Moi var særsla hyggeleg. Representanten frå Fylkesmannen, Christer Bakke, hadde mykje interessant å orientere om og det kan vere aktuelt å invitere ham på rådsmøte og til neste Eldrerådskonferanse.

AVGJERD

Seminaret var nyttig og hyggeleg, og det er viktig å fortsette samarbeidet med dei andre Vestlandsfylka.

22/13 ELDRERÅDET I ARBEID - SEMINAR

AVGJERD

Fylkeseldrerådet i Hordaland vel å melde på Ingeborg Borgen Takle på seminaret Eldrerådet i arbeid.

23/13 BUDSJETT 2014 - FYLKESRÅDMANNENS FORSLAG TIL BUDSJETT

AVGJERD

«TILSKOT TIL FYLKESELDRERÅDET.

Ein registrerer at FYEL er tildelt kr. 325.000. FYEL Hadde søkt om å få auke tilskotet frå kr. 300.000 til kr.350.000. Når ein ser at Fellesfunksjonar går ned med heile kr. 32 mill., og FYEL får ein uke på ca. 8 %, må ein seie seg nøgd med auken.

TANNHELSETENESTA

FYEL har i mange år vore oppteken av tannhelse tilliks med dei fleste fylkeseldreråda i Norge. Tannhelse bør vere ein del av den medisinske behandlinga saman med resten av kroppen, og sjølv om dette i dag gjeld dei som bur på institusjonar eller har heimesjukepleie,

er dette ikkje godt nok. Heimebuande eldre bør og få del i denne tenesta. Dette bør Fylkeskommunen gjere noko med og øve påtrykk ovanfor Regjeringa. I tillegg har FYEL også tidlegare uttalt at institusjonsbuarar og dei som har heimesjukepleie, i stort sett mogeleg grad bør unngå å reise lange strekningar for å kome til tannhelseklinikk. Dette gjeld særleg ute i distrikta. Tannhelsetenesta må ha fokus på dette.

FOLKEHELSE

Lov om folkehelse tek m.a. sikte på at eldre menneske skal kunne bu heime så lenge dei ynskjer og er i stand til det. Dette fordrar både at heimen vert tilrettelagd for det, og at den fysiske fostringa vert lagd til rette for den einskilde. Ei rekkje tiltak som fylkeskommunen har ansvar for, gjer dette mogeleg. Tilskot til helsekoordinatorar er eit slikt tiltak. Slike tilskot skal halde fram også til og med 2017, og det seier FYEL seg godt nøgd med. Ein er likevel uviss på om overgang frå eit fast tilskot til kommunane (kr. 150.000 pr kommune), til tilskot etter innbyggjartal, kan føre til at kommunar med lågt innbyggjartal kan kome dårligare ut. Dette vil FYEL fylge nøye med på i tida som kjem. FYEL merkar seg og at avsetjing til arbeidet med folkehelse berre aukar med 1.5 %, frå ca. kr. 5 mill til ca. kr. 5.1 mill. Dette er etter FYEL si meining ein for liten auke, og ein bør i åra som kjem auke dette monaleg.. FYEL ser og at fylkeskommunen får tildelt eit statleg, øyremerka tilskot til «førebyggjande helsearbeid gjennom fysisk aktivitet» på kr. 819.000 for 2014. Etter FYEL si meining er dette ein altfor liten sum til eit slikt tiltak. Fylkeskommunen bør oppmøde Helsedirektoratet om å auke denne summen monaleg i åra som kjem. Elles merkar FYEL seg at tilskot til friluftsføremål vert auka med mest 15 % frå 2013 til 2014, og det seier FYEL seg nøgd med då tilskot til friluftsføremål så avgjort gjer sitt til førebyggjande arbeid.

SAMFERDSEL

Fylkeskommunen har ansvar for fylkesvegnettet. Så langt FYEL kan sjå, står det ikkje eitt ord om gangvegar og sykkelstiar i dette budsjettet. Serleg gangsvegar er naudsynt for dei eldre slik at ein ikkje utset seg for fåre når ein går langs sterkt traffikerte vegar. FYEL oppmodar samferdselsetaten om å ta dette inn som eit eige avsnitt i komande budsjett.

Det såkalla «ombordtillegget» held fram med kr. 5.- for honnørbillett. Mange eldre har framleis vanskar med å handtere billettautomatar og å kome seg til kommisjonærar som sel billettar. At dei så skal betale kr. 5.- ekstra for å kjøpe billett om bord på bussane, synes FYEL er urettvist. Ein oppmodar samferdselsetaten om å sjå på dette ein gong til.

FYEL har tidlegare gitt uttrykk for at ein på båtrutene bør kunne ha billetørar som går rundt og sel billettar til uføre og dei som er dårlige til beins. Dei har som regel vanskar med å bevege seg til billettkontor-/luke for å kjøpe billett. Dette bør samferdselsetaten sjå nøyare på. Fylkeskommunen bør når neste anbudsrunde skal iverksetjast syte for at alle fergjane som går i Hordaland skal ha universell utforming.

KULTURFØREMÅL

FYEL har merka seg at det no kjem ein Regional kulturplan for 2014-2024. FYEL vonar at det kjem mange innspel til denne planen. Satsing på kultur er svært viktig for den eldre del av folket. Det gjeld m.a. «Den kulturelle spaserstokken» som kommunane har ansvar for, og det gjeld mange av dei budsjettpostane som fylkeskommunen har ansvar for. FYEL har merka seg at det generelt vert ei nedgang i løvtingane til kultur i 2014. Det er gledeleg at einskilde føremål får ein auke. FYEL merkar seg serskilt at tilskota til lokale kulturhus vert redusert. Dette bør ein unngå i seinare budsjettframlegg. Dei lokale kulturhusa er viktige elemelt i den lokale kulturformidlinga.»

Uttala vart samråysta vedteken av fylkeseldrerådet og vert sendt til fraksjons- og gruppeleiare i fylkeskommunen.

24/13 MØTEPLAN 2014 FOR MEDVERKNADSORGAN

Fylkeseldrerådet ønskjer å endre:

- Møtet 4. juni til 18. juni
- AU-møtet 1. oktober til 25. september.
- Møtet 5. november til 16. oktober.

AVGJERD

Fylkeseldrerådet vedtek møteplan for rådet, med dei endringane som er gjort..



Jfr. adresseliste

Dato: 16.01.2014

Vår ref.: 2014/1328-1

Dykkar ref.:

Reklamefinansiert kollektivtransport - sak til uttale

Fylkestinget handsama i møte den 11.12.2013 sak om Reklamefinansiert kollektivtransport (sak 68/13). Dokument i saka finn ein ved å gå inn på <http://polsak.ives.no/>, vel deretter «Fylkestinget» og møte den 10.12.2013. Fylkestinget gjorde slikt vedtak i saka:

VEDTAK (11.12.2013)

1. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sende over saka om reklamefinansiert kollektivtransport til berørte kommunar og berørte organisasjoner samt Statens vegvesen for uttale om innføring av reklamefinansierte leskur langs kommunale, fylkeskommunale og statlege vegen, samt på dei største terminalane i Bergensområdet.

2. Under føresetnad om tilslutnad i Bergen kommune og Statens vegvesen får fylkesrådmannen fullmakt til å starte planarbeid for plassering av reklame på leskur og byromsmøblar, og deretter setje i verk anbodskonkurranse med formål å inngå kontrakt med reklameoperatør for investering i møblar og drift/vedlikehald av desse. Aktuelle reklameflater er:

- a. Reklamefinansierte leskur langs vegen i Bergen kommune og omegn.
- b. Oppsjon reklameplassering på Bybanens haldeplassar på bakvegg i leskur eller frittståande modular. Yting frå reklameoperatøren er vedlikehald av haldeplassane.
- c. Under føresetnad om tilslutnad i Bergen kommune får fylkesrådmannen fullmakt til å forhandle fram avtale med reklameoperatør for reklame på rullande kollektivmateriell og kollektivterminalar for fylgjande flater i utandørsmarknaden med organisasjonsform outsourcing:

- a. Buss innvendig
 - o Takbogar
 - o Digitale skjermer der dette er lønsamt i kombinasjon med nyheter og kommunikasjon frå Skyss, vekeplakatar elles
- b. Bybanen innvendig
 - o Digitale skjermer i kombinasjon med nyheter og kommunikasjon frå Skyss
- c. Hurtigbåt innvendig
 - o Vekeplakatar (på vegg) og digitale skjermer
- d. Buss utvendig
 - o Lite bakfelt
- e. Terminalar som i dag ikkje er ein del av vegvedlikehaldet.

4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å forhandle med Bergen kommune om fordeling av ytingar frå

reklameavtalen til byromsmøblar.

5. Fylkesutvalet får tilbake sak, inkludert forslag til retningsliner, når resultatet av forhandlingane ligg føre.

6. I samband med forslag til retningsliner må ledig annonseplass vurderast å setjast av til kulturformål.

7. Retningslinjene må og presisera kva område som skal vere reklamefrie. I budsjettvedtaket for 2012 var det presisert at dei historiske delane av Bergen sentrum skal haldast fri for reklame på busstopp og terminalar. Dette inneber at brysklar kan inkluderast også i dei historiske delane.

8. Fylkestinget presiserer at ordninga med reklamefinansiert kollektivtransport også kan omfatte resten av Hordaland fylke der marknaden er til stades.

Fylkeskommunen har sett uttalefristen til 14. februar 2014.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Lise Ådlandsvik
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Adresseliste:

Alle kommunane i Hordaland
FFO Hordaland
Fylkeseldrerådet, HFK
Fylkesmannen i Hordaland
Hardangerrådet
Hordaland politidistrikt
Regionrådet Nordhordland IKS
Regionrådet Vest c/o Sund kommune
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, HFK
Samarbeidsrådet i Sunnhordland
Statens vegvesen Vegdirektoratet
Statens vegvesen Region vest
Trygg Trafikk Hordaland
Ungdommens fylkesting, HFK

Notat

Til: Lise Ådlandsvik

Frå: Ingeborg Borgen Takle

Referanse
2014/557-2

Dato
17.01.2014

Uttale til Trafikksikringsplanen frå Fylkeseldrerådet

Fylkeseldrerådet meiner at trafikksikringsplanen er eit godt dokument og som ein trur vil ha ein positiv effekt for trafikantane.

Når det er sagt meiner rådet at sjølv om planen drøftar effektane av ein auking i gruppa eldre framover, har ein ikkje hatt nok fokus på dette. Eit tiltak som Fylkeseldrerådet trur at kan bidra til å senke ulukker med eldre trafikantar er kursa som blant andre NAF held for sjåførar over 65 år. Rådet meiner at desse kursa burde få større merksemrd og vere eit av tiltaka i Trafikksikringsplanen.

Med helsing



Margot Bertheussen
Leiar
Fylkeseldrerådet

Møtereferat

Dato: 23.01.2014

Til stades:	Margot Bertheussen Kåre Ystanes Ingeborg Borgen Takle		
Forfall:			
Emne:	Referat Fylkeseldrerådet - arbeidsutval 17.01.2014	Sak:	2014/557-9
Møtetid:	11.00-15.30	Møtestad:	Fylkesutvalssalen, Fylkeshuset

Sak 1/14 Regional folkehelseplan – høyningsuttale

Regional folkehelseplan vart lagt ut på høyring med frist til den 3. januar. Fylkeseldrerådet fekk utsett fristen til 17. januar og sendte ut eit utkast på høyring blant rådsmedlemene. AU fekk tilsendt innspel frå eit rådsmedlem.

AVGJERD

Ein uttale vart skiven på AU-møtet 17. januar og vidaresendt til regionalavdelinga same dag. Uttala vert lagt fram som melding på neste rådsmøte.

Sak 2/14 Trafikksikringsplan – høyningsuttale

Trafikksikringsplanen vart lagt ut på høyring med frist til den 20. desember. Fylkeseldrerådet fekk utsett fristen til 17. januar. AU fekk tilsendt innspel frå eit rådsmedlem.

AVGJERD

Ein uttale vart skiven på AU-møtet 17. januar og vidaresendt til samferdselsavdelinga same dag. Uttala vert lagt fram som melding på neste rådsmøte.

Sak 3/14 Budsjett 2014

Administrasjonen la fram eit utkast til budsjett 2014 for Fylkeseldrerådet. Det vart lagt fram med 22 000 kr i minus. Målet med budsjettet er å ha ein oversikt over kva ein brukar midlane på og vere sikker på at ein har moglegheit til å reise til studietur til Island.

AVGJERD

AU vedtok eit budsjett for 2014 med eit resultat på kr 0. Budsjett 2014 for Fylkeseldrerådet vert lagt fram som melding på neste rådsmøte.

Sak 4/14 Årsmelding 2013

Fylkeseldrerådet må kvart år legge fram ein årsmelding for fylkestinget i Hordaland. AU har arbeida fram eit endeleg utkast til årsmelding for 2013.

AVGJERD

Årsmeldinga vert lagt fram som sak på neste rådsmøte.

Sak 5/14 Mandat for Fylkeseldrerådet

Eit mandat for Fylkeseldrerådet har vore under arbeid i løpet av hausten. Det vart lagt fram for rådet over bordet på førre rådsmøte og det vart bestemt at saka skulle kome opp igjen på neste rådsmøte. På førre AU-møte kom AU med nokre endringsforslag til mandatet.

AVGJERD

AU ønskjer at sakshandsamar på saka vert informert om dei endringane rådet ønskjer, samt at vedkommande stillar på neste rådsmøte under denne saka. Mandat for Fylkeseldrerådet vert tatt opp som sak på neste rådsmøte.

Sak 6/14 Studietur til Island

Fylkeseldrerådet har fått tilbod om å reise på studietur til Island saman med fylkeseldreråda i Rogaland og Sogn og Fjordane. Turen vil erstatte det årlege Vestlandsseminaret. Kontakt har vore heldt mellom leiarane iråda, med Sogn og Fjordane som «vert». Tidspunkt vert lagt til 5.-8. mai 2014 og ein søknad er sendt til fylkesordførar om å få reise. Program kjem så snart som mogleg. Fylkeseldrerådet i Hordaland må melde i frå kor mange som deltek etter neste rådsmøte.

AVGJERD

AU har bedt om å få eit handfast program for turen til rådsmøtet 6. februar. Saka vert tatt opp som sak på neste rådsmøte.

Sak 7/14 Saksliste til neste rådsmøte

AU gjekk igjennom aktuelle sakar til neste rådsmøte 6. februar.

AVGJERD:

Orienteringar:

- Tannhelse kl 12:30. Tannhelse ønskjer å høyre kva Fylkeseldrerådet meiner dei bør fokusere på i året som kjem.

Sakar:

- Mandat, med sakshandsamar kl 10:15
- Årsmelding
- Studietur til Island

Meldingar:

- Budsjett 2014
- Referat frå AU-møtet
- Regional folkehelseplan – høyringsuttale
- Trafikksikringsplan – høyringsuttale

Med helsing

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Notat

Til: Matti Torgersen

Frå: Ingeborg Borgen Takle

Referanse
2014/557-4

Dato
17.01.2014

Uttale til Regional folkehelseplan frå Fylkeseldrerådet

Fylkeseldrerådet (FYEL) er sterkt opptekne av folkehelsa. FYEL er samd i at folkehelsearbeidet må vare heile livet, men FYEL er naturleg nok mest oppteken av folkehelsearbeidet retta mot den eldre delen av folket i Hordaland.

FYEL er serleg nøgd med at universell utforming går som ein raud tråd gjennom planen. Universell utforming er avgjerande for at dei fleste eldre kan bu heime så lenge som mogeleg.

Folkehelseplanen omhandlar område som er særskilt naudsynt blant den eldre delen av folket. FYEL vil sette fokus på Tema 5: «Aktivitet og sosial deltaking.»

Ut frå prognosar som føreligg vil talet eldre auka kraftig i mange år framover. Kommunane vil stå framfor store utfordringar innan folkehelsearbeide blant den eldre delen av folket. Sjølv om folkehelseplanen er retta mot alle aldersgrupper meiner FYEL ein i planen bør synleggjera det behov som kan forventas for særskilt tilrettelegging for ein del eldre med svekka helse noko som i større omfang vil oppstå blant dei eldre. Dette bør ein i planen ta omsyn til slik at flest mogleg eldre kan få delta i aktivitetar og sosiale lag i lokalsamfunnet.

FYEL er samd i at frivillige lag og organisasjonar er naudsynte samarbeidspartar for kommunane. Mange eldre deltar aktivt og er ein stor og viktig ressurs innan folkehelsearbeidet.

Tannhelse er viktig, og serleg for eldre. FYEL er av den meining at utgifter ved tannbehandling skal prioritertast inn i folketrygda på lik linje med andre helseplager og sjukdommar.

Også «Partnarskap for folkehelse» er ein viktig del av planen og ikkje minst «Handlingsplanen 2014-2017». FYEL er av den meining at Fylkeskommunen må samarbeide tett med kommunane, også økonomisk.

FYEL er av den meining at både «Regional plan for folkehelse 2014-2025» og «Plan for handlingsprogram 2014-2017» er gode og gir von om at folkehelsa i Hordaland går gode tider i møte.

Med helsing

Margot Bertheussen
Leiar
Fylkeseldrerådet

Budsjett 2014**FYEL**

10810 Møtegodtgjersle politisk arbeid	34000	
Rådsmøter	34 000	33600
Totalt	34 000	
10820 Tapt arbeidsforteneste	77000	
Rådsmøter	55500	
AU	16000	
Kurs og konferansar	3500	
Eigne arrangement	2000	55440
Totalt	77000	15840
		892,8
10990 Arbeidsgjevaravgift	19000	
11150 Bevertning/matvarer	80000	
Rådsmøter	9000	
AU	1000	
Kurs og konferansar	0	
Eigne arrangement	70000	
Totalt	80000	
11401 Gåver	5000	
Rådsmøter	0	
AU	0	
Kurs og konferansar	3000	
Eigne arrangement	2000	
Totalt	5000	
11500 Kurs / kompetanseheving	135000	
Rådsmøter	0	
AU	0	
Kurs og konferansar	85000	
Eigne arrangement	50000	
Totalt	135000	
11600 Bilgodtgjersle	12000	
Rådsmøter	10000	
AU	2000	
Kurs og konferansar	0	
Eigne arrangement	0	
Totalt	12000	

11610 Kostgodtgjersle	21000
Rådsmøter	14000
AU	7000
Kurs og konferansar	0
Eigne arrangement	0
Totalt	21000
11696 Honorar	10000
Rådsmøter	0
AU	0
Kurs og konferansar	0
Eigne arrangement	10000
Totalt	10000
11700 Reiseutgifter	32000
Rådsmøter	10000
AU	5000
Kurs og konferansar	11000
Eigne arrangement	6000
Totalt	32000
Totalt utgifter	425000
16231 Inntekt kursverksemد	100000
Rådsmøter	0
AU	0
Kurs og konferansar	0
Eigne arrangement	100000
Totalt	100000
Totalt inntekter	100000
Balanse	-325000

Rådsmøter

10810 Møtegodtgjersle politisk arbeid	34 000
10820 Tapt arbeidsforteneste	55500
10990 Arbeidsgjevaravgift	0
11150 Bevertning/matvarer	9000
11401 Gåver	0
11500 Kurs / kompetanseheving	0
11600 Bilgodtgjersle	10000
11610 Kostgodtgjersle	14000
11696 Honorar	0
11700 Reiseutgifter	10000
Totale utgifter	132 500
16231 Inntekt kursverksemd	0
Totale inntekter	0
Balanse	-132 500

AU

10810 Møtegodtgjersle politisk arbeid	0
10820 Tapt arbeidsforteneste	16000
10990 Arbeidsgjevaravgift	0
11150 Bevertning/matvarer	1000
11401 Gåver	0
11500 Kurs / kompetanseheving	0
11600 Bilgodtgjersle	2000
11610 Kostgodtgjersle	7000
11696 Honorar	0
11700 Reiseutgifter	5000
Totale utgifter	31 000
16231 Inntekt kursverksemd	0
Totale inntekter	0
Balanse	-31 000

Kurs og konferansar

10810 Møtegodtgjersle politisk arbeid	0
10820 Tapt arbeidsforteneste	3500
10990 Arbeidsgjevaravgift	0
11150 Bevertning/matvarer	0
11401 Gåver	3000
11500 Kurs / kompetanseheving	85000
11600 Bilgodtgjersle	0
11610 Kostgodtgjersle	0
11696 Honorar	0
11700 Reiseutgifter	11000
Totale utgifter	102 500
16231 Inntekt kursverksemd	0
Totale inntekter	0
Balanse	-102 500

Eigne arrangement

10810 Møtegodtgjersle politisk arbeid	0
10820 Tapt arbeidsforteneste	2000
10990 Arbeidsgjevaravgift	0
11150 Bevertning/matvarer	70000
11401 Gåver	2000
11500 Kurs / kompetanseheving	50000
11600 Bilgodtgjersle	0
11610 Kostgodtgjersle	0
11696 Honorar	10000
11700 Reiseutgifter	6000
Totale utgifter	140 000
16231 Inntekt kursverksemd	100000
Totale inntekter	100000
Balanse	-40 000



Arkivnr: 2014/557-6
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	6/14	06.02.2014

Årsmelding 2013 frå Fylkeseldrerådet

Fylkeseldrerådet må kvart år leggje fram ein årsmelding for fylkestinget i Hordaland. AU har arbeida fram eit endeleg utkast til årsmelding for 2013.

Forslag til avgjerd

Fylkeseldrerådet vedtek årsmeldinga for 2013 slik den føreligg og ber om at den vert vidaresendt til fylkestinget.


Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Årsmelding for Fylkeseldrerådet 2013



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



Innhald

INNLEIING	2
Samansetjing.....	2
For valperioden 2011-2015 har rådet slik samansetjing:	2
Fylkeseldrerådet er representert i brukarutvala ved:	3
Arbeidsutval	4
Sekretariat.....	4
Budsjett	4
MØTER & SAKSOMRÅDER 2013	5
Andre rådsmøter.....	5
Uttale til fylkesbudsjettet	5
Handlingsprogram 2013 - 2015.....	7
Folkehelsearbeidet.....	7
Tannhelse	8
Samhandlingsreforma.....	8
Samferdsel	9
Kultur.....	10
AKTIVITETAR I RÅDET 2013	10
Kurs – konferansar	10
Den Internasjonale Eldredagen 1. oktober 2013.....	11
Verdens aktivitetsdag 10. mai 2013	11
Eldrerådkonferansen	11
ERFARINGSUTVEKSLING MED ANDRE FYLKER	12
Landskonferansen 2013.....	12
Vestlandssamarbeidet	13
Oppsummering	13

INNLEIING

Innføring av lovfesta eldreråd i kommunar og fylkeskommunar som vart lovpålagt frå 1. januar 1992, har gitt eldre personar auka medråderett i saker som vedkjem eldre.

Dette er i samsvar med FN sine prinsipp som vart vedteke av FN i 1991. Fylgjande punkt er tekne med under hovudområde deltaking:

"Eldre skal vera integrert i samfunnet, delta aktivt i utforming og gjennomføring av politikken som direkte vedkjem deira velferd, og dela sine kunnskapar, dugleik og erfaringar med yngre generasjonar". Eldreråda er viktige talerør i denne samanhengen.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen og fylkeskommunale verksemder når det gjeld tilhøve som vedkjem eldre og eldre sine levekår. Rådet skal handsama saker på alle samfunnssektorar. Rådet kan også sjølv ta opp saker.

Fylkeseldrerådet samarbeider og har kontakt med dei 33 kommunale eldreråda i Hordaland og med Statens Seniorråd, som vart oppretta ved Kongeleg resolusjon 19. april 2002.

Eldrerådet si funksjonstid er 4 år og følgjer fylkestingsperioden. Nytt eldreråd vart oppnemnd etter fylkestingsvalet i september 2011.

Saksdokument og møtebøker frå rådsmøta i fylkeseldrerådet er tilgjengelege på fylkeskommunen sin nettportal til liks med politiske organ i fylkeskommunen.

Samansetjing

Rådet har 7 representantar med personlege vararepresentantar.

2 av representantane er politisk valde frå fylkestinget og 5 representantar er valde etter forslag frå alderspensjonistforeninga i fylket.

For valperioden 2011-2015 har rådet slik samansetjing:

Valde etter forslag frå pensjonistforeninga:

Sigmund Olsnes (fram til 01.12.2012 grunna dødsfall)

Margot Bertheussen

Kåre Ystanes

Ingri Agathe Linde (fram til 12.03.2013 grunna svekka helse)

Arne Gunnar Trædal

Martin Monrad Reigstad (medl. frå 12.03.2013)

Anne-Karin Davidsen (medl. frå 12.03.2013)

Personlege vararepresentantar:

Martin Monrad Reigstad (fram til 11.03.2013)

Anne-Karin Davidsen (fram til 11.03.2013)

Minda Olsen

Solveig Karin Vassenden

Magnus Normann

John Fløysand (12.03.2013)

Svein Njåstad (12.03.2013)

Politisk valde representantar:

Jette Lunemann Hansen (A)

Dagfinn Vik (FRP)

Personlege vararepresentantar:

Tore Svendsen (SV)

Bjørn Arne Aakvaag (FRP)

Leiar: Sigmund Olsnes (fram til 01.12.2012)

Leiar: Margot Bertheussen (frå 11.04.2013)

Nestleiar: Margot Bertheussen (fram til 10.04.2013)

Nestleiar: Kåre Ystanes (frå 11.04.2013)

Fylkeseldrerådet er representert i brukarutvala ved:

Helse Bergen (2012-2014):

Representant: Sigmund Olsnes (fram til 01.12.2012)

Vararepresentant: Margot Bertheussen

Representant: Margot Bertheussen (frå 11.04.2013)

Vararepresentant: Martin Monrad Reigstad (fram til 10.04.2013)

Haraldsplass Diakonale Sykehus

Oppnemnt frå 20. november 2012-2014:

Representant: Arne Gunnar Trædal

Vararepresentant: Jette Lunemann Hansen

Helse Fonna (2012-2014):

Representant: Margot Bertheussen (Vararepresentant frå 11.04.2013)

Vararepresentant: Kåre Ystanes (representant frå 11.04.2013)

Helse Vest (2012-2014):

Felles representant/vararepresentant med Rogaland og Sogn og Fjordane

Representant: Dagfinn Vik (Hordaland)

Vararepresentant: Kristoffer Skjolden (Sogn & Fjordane)

Arbeidsutval

Fylkeseldrerådet har for valperioden 2011-2015 valt å oppretta arbeidsutval.

Utvalet er samansett av leiar og nestleiar, og frå administrasjonen møter rådgjevar/møtesekretær. Arbeidsutvalet har sine møter mellom dei ordinære møta i rådet, etter ein fastsett møteplan. Rådet har gjort vedtak om kva fullmakter eit slikt arbeidsutval skal ha.

Sekretariat

Fylkeseldrerådet har møtesekretær/sakshandsamar som administrativt er tilknytta organisasjonsavdelinga i fylkeskommunen, med omlag 50% stilling.

Sekretariatsfunksjonen har i perioden 01.01. 2013.- 11.09.2013 vore utført av rådgjevar Dagmar Reutz Hillestad og Dianne Kilvær. Frå 12.09.2013 har sekretariatsfunksjonen vore utført av Ingeborg Borgen Takle. Budsjett- og rekneskapsansvar for rådet er lagt til økonomiavdelinga.

Budsjett

Fylkeseldrerådet i Hordaland hadde til disposisjon eit budsjett på kr. 300.000,- i 2013.

Budsjettet vart nytta til rådet sine møter, den årlege konferansen for dei kommunale eldreråda, deltaking på konferansar og seminar og samarbeidsmøter med eldreråda i Sogn & Fjordane og Rogaland fylkeskommunar.

MØTER & SAKSOMRÅDER 2013

Fylkeseldrerådet i Hordaland har i 2013 hatt 6 møter og handsama 24 saker, samt hatt føre

25 meldingar. Arbeidsutvalet har hatt 7 møter. Årsrapportar frå andre fylkeskommunale eldreråd, kommunale eldreråd og frå Statens Seniorråd vert lagt fram for rådet.

Andre rådsmøter

Rådsmøte 11.04.2013: Birte Markeseth Aasen, leiar for administrasjonsseksjonen, orienterte om organiseringa rundt sekretariatsfunksjon.

Rådsmøte 19.06.2013: Fylkesrådmannen besøkte rådet for å orientere om korleis han ønskjer å arbeide framover. Rådsmedlemene fekk først presentert seg for fylkesrådmannen og deretter presenterte han seg sjølv og fortalte om sin bakgrunn. Sidan han begynte i stillinga 1.2.13 har han brukt tid på å etablere kunnskap og sette seg inn i alle saker, men etter kvart vil det blir meir utadretta arbeid. Fokus no er ynskje om å utvikla organisasjonen. Viktig å samarbeide med kommunane og fylkeskommunen ynskjer å vera ein konstruktiv bidragsytar. Det har vore revisjon på personalforvaltning og dette er også eit viktig fokusområde no. Når det gjeld det ansvarsmessige så ynskjer fylkesrådmannen å plassere dette meir utover i organisasjonen. Leiaropplæring/utvikling er ein viktig del av dette. Når det gjeld politiske saker så er det mange interesseorganisasjonar som syner interesse. Dei samfunnsmessige behova vi har er dei same som andre organisasjonar har. Hordaland fylkeskommune har gjort omfattande investeringar i det siste (bl.a. skulane og samferdselssektoren med kollektivtransport) som vil prega fylkeskommunen framover. Ein vil måtte prioritera strengt i tida som kjem når det gjeld pengebruken.

Rådsmøte 12.09.2013: Helse Bergen – pasientreiser, ved Ove J. Erichsen og Theresa Nyhammar, møtte for å orientere rådet om forholda rundt pasientreiser.

Rådsmøte 07.11.2013: Barbara Harterink frå Regionalavdelinga møtte i rådsmøte for å informere om internasjonalt arbeid, med fokus på eldre.

Uttale til fylkesbudsjettet

Årsbudsjett 2014 og økonomiplan 2014-2017 vart lagt fram 10. oktober 2013. Fylkeseldrerådet

handsama årsbudsjettet i rådsmøte 7. november, og følgjande kommentarar vart sendt fylkesrådmannen 6. desember:

Tilskot til Fylkeseldrerådet

Ein registrerar at FYEL er tildelt kr. 325.000. FYEL Hadde søkt om å få auke tilskotet frå kr. 300.000 til kr.350.000. Når ein ser at Fellesfunksjonar går ned med heile kr. 32 mill., og FYEL får ein uke på ca. 8 %, må ein seie seg nøgd med auken.

Tannhelsetenesta

FYEL har i mange år vore oppteken av tannhelse tilliks med dei fleste fylkeseldreråda i Norge. Tannhelse bør vere ein del av den medisinske behandlinga saman med resten av kroppen, og sjølv om dette i dag gjeld dei som bur på institusjonar eller har heimesjukepleie, er dette ikkje godt nok. Heimebuande eldre bør og få del i denne tenesta. Dette bør Fylkeskommunen gjere noko med og øve påtrykk ovanfor Regjeringa. I tillegg har FYEL også tidlegare uttalt at institusjonsbuarar og dei som har heimesjukepleie, i størst mogeleg grad bør unngå å reise lange strekningar for å kome til tannhelseklinikk. Dette gjeld serleg ute i distrikta. Tannhelsetenesta må ha fokus på dette.

Folkehelse

Lov om folkehelse tek m.a. sikte på at eldre menneske skal kunne bu heime så lenge dei ynskjer og er i stand til det. Dette fordrar både at heimen vert tilrettelagd for det, og at den fysiske fostringa vert lagd til rette for den einskilde. Ei rekkje tiltak som fylkeskommunen har ansvar for, gjer dette mogeleg. Tilskot til helsekoordinatorar er eit slikt tiltak. Slike tilskot skal halde fram også til og med 2017, og det seier FYEL seg godt nøgd med. Ein er likevel uviss på om overgang frå eit fast tilskot til kommunane (kr. 150.000 pr kommune), til tilskot etter innbyggjartal, kan føre til at kommunar med lågt innbyggjartal kan kome dårlegare ut. Dette vil FYEL fylgje nøye med på i tida som kjem. FYEL merkar seg og at avsetjing til arbeidet med folkehelse berre aukar med 1.5 %, frå ca. kr. 5 mill til ca. kr. 5.1 mill. Dette er etter FYEL si mening ein for liten auke, og ein bør i åra som kjem auke dette monaleg..

FYEL ser og at fylkeskommunen får tildelt eit statleg, øyremerka tilskot til «førebyggjande helsearbeid gjennom fysisk aktivitet» på kr. 819.000 for 2014. Etter FYEL si mening er dette ein altfor liten sum til eit slikt tiltak. Fylkeskommunen bør oppmøde Helsedirektoratet om å auke denne summen monaleg i åra som kjem.

Elles merkar FYEL seg at tilskot til friluftsføremål vert auka med mest 15 % frå 2013 til 2014, og det seier FYEL seg nøgd med då tilskot til friluftsføremål så avgjort gjer sitt til førebyggjande arbeid.

Samferdsel

Fylkeskommunen har ansvar for fylkesvegnettet. Så langt FYEL kan sjå, står det ikkje eitt ord om gangvegar og sykkelstiar i dette budsjettet. Serleg gangsvegar er naudsynt for dei eldre slik at ein ikkje utset seg for fåre når ein går langs sterkt trafikerte vegar. FYEL oppmodar samferdselsetaten om å ta dette inn som eit eige avsnitt i komande budsjett.

Det såkalla «ombordtillegget» held fram med kr. 5.- for honnørbillett. Mange eldre har framleis vanskar med å handtere billettautomatar og å kome seg til kommisjonærar som sel billettar. At dei så skal betale kr. 5.- ekstra for å kjøpe billett om bord på bussane, synes FYEL er urettvist. Ein oppmodar samferdselsetaten om å sjå på dette ein gong til.

FYEL har tidlegare gitt uttrykk for at ein på båtrutene bør kunne ha billetørar som går rundt og sel billettar til uføre og dei som er därlege til beins. Dei har som regel vanskar med å bevege seg til billettkontor/-luke for å kjøpe billett. Dette bør samferdselsetaten sjå nøyare på.

Fylkeskommunen bør når neste anbudsrunde skal iverksetjast syte for at alle fergjane som går i Hordaland skal ha universell utforming.

Kulturføremål

FYEL har merka seg at det no kjem ein Regional kulturplan for 2014-2024. FYEL vonar at det kjem mange innspel til denne planen. Satsing på kultur er svært viktig for den eldre del av folket. Det gjeld m.a. «Den kulturelle spaserstokken» som kommunane har ansvar for, og det gjeld mange av dei budsjettpostane som fylkeskommunen har ansvar for. FYEL har merka seg at det generelt vert ei nedgang i løyvingane til kultur i 2014. Det er gledeleg at einskilde føremål får ein auke. FYEL merkar seg serskilt at tilskota til lokale kulturhus vert redusert. Dette bør ein unngå i seinare budsjettframlegg. Dei lokale kulturhusa er viktige element i den lokale kulturformidlinga.

Handlingsprogram 2013 - 2015

Fylkeseldrerådet har utarbeida eit handlingsprogram for arbeide i inneverande valperiode, og har valt å konsentrere planen om ansvarsområde til Hordaland fylkeskommune og dei eldrepolitiske utfordringane knytt til desse. Rådet har særskilt sett fokus på følgjande område:

Folkehelsearbeidet

Fylkeseldrerådet har i fleire år vore oppteken av folkehelsearbeidet, eit tema som ofte er drøfta på møter og konferansar der rådet har delteke. Fylkeseldrerådet har hatt samarbeid med kultur- og idrettsetaten i fylkeskommunen når det gjeld å stimulere og motivere til auka bruk av trening og mosjon som helseførebyggjande tiltak og fremje forståing for at fysisk aktivitet har ein positiv verknad på folk si fysiske, mentale og sosiale helse.

Rådet har etablert eit nært samarbeid med folkehelsekoordinator i Bergen Turlag, folkehelsekoordinator ved tannhelsetenesta og regional-avdelinga i fylkeskommunen.

Fylkeseldrerådet vil i perioden arbeide for å sikre utviklinga i arbeidet med å fremje god folkehelse i regionen ved å gi innspel til Regional plan for folkehelse som sikrar dei eldre sin rettmessige plass i folkehelsesamanhang.

Folkehelsekoordinator i fylkeskommunen Aina Haugstad har delteke på rådsmøte og informert om folkehelsearbeidet i fylkeskommunen.

Nestleiar Kåre Ystanes deltok på orienteringsmøte 27.11.2013 på Voss i samband med den regionale folkehelseplanen.

Tannhelse

Fylkeseldrerådet har i fleire år arbeidd for betre ivaretaking av tannhelsa for alle, dei økonomiske incentiv i dette, og forslag om innføring av frikortordning(eigenandel) for tannhelsetenester på lik line resten av kroppen. Fylkeseldreråda i Hordaland, Sogn Og Fjordane og Rogaland har samarbeida om tema tannhelse for eldre og samla sendt ein uttale til Statens Seniorråd. Råda ber om at Seniorrådet aktivt må arbeide for at "Tennene er ein del av kroppen"- noko som kan bidra til at tannhelse kjem opp på eit akseptabelt nivå.

Fylkeseldrerådet har hatt eit nært og nyttig samarbeide med folkehelsekoordinator ved tannhelsetenesta og regional-avdelinga i fylkeskommunen. Rådet meiner dette samarbeide vil vere naudsynt i åra framover for å sikre ei tilfredstillande tannhelseteneste til dei eldre. Ein bør sikra at alle som har behov for det får høve til å ivareta tennene på ein verdig måte.

Samhandlingsreforma

Rett behandling – på rett stad – til rett tid

Samhandlingsreforma vart iverksett 1.januar 2012 .I lov Om kommunale helse- og omsorgstenester står fylgjande: «Med samhandlingsreformen vil regjeringa sikre et bærekraftig, helhetlig og sammenhengende tjenestetilbud av god kvalitet og pasient-sikkerhet. Tjenesten skal være tilpasset den enkelte bruker.»

Samhandlingsreforma har vore tema både på landskonferansen for fylkeseldreråda, Vestlandssamarbeidet (FYEL i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane), samt eldrerådskonferansen for dei kommunale eldreråda i Hordaland. Temaet har skapt stort engasjement både i fylkeseldreråda og dei kommunale eldreråda. Dei største utfordringane innan reforma er i fyrste rekke i kommunane.

- I Fylkeseldrerådets «Handlingsprogram 2013- 2015» har rådet vedteke fylgjande:
- Fylkeseldrerådet vil serleg setje fokus på samhandlingsreforma og utfordringar i høve til den eldre befolkninga
- Fylkeseldrerådet vil informere og rettleie dei kommunale eldreråda serleg med tanke på å overvake uheldige hendingar og negative røynsler i forbindelse med inn- og utskriving av eldre pasientar. Det er viktig at dei kommunale råda generelt held seg orientert i forbindelse med utviklinga av samhandlingsreforma.

- Fylkeseldrerådet vil nøye overvake utviklinga av samhandlingsreforma og i samarbeid med dei kommunale/regionale eldreråd og koma med innspel til aktuelle utfordringar.

I samsvar med ovannemde vedtak sende fylkeseldrerådet i februar 2013 skriv til dei kommunale eldreråda der ein ynskte svar på følgjande spørsmål:

- Kva røynsle har eldreråda til no i samband med gjennomføring av samhandlingsreforma?
- Er eldreråda kjend med uheldige hendingar i samband med utskrivingsklare pasientar?
- Fungerer/samsvarar tenestetilbodet i kommunehelsetenesta ut frå forventningar og behov, særskilt blant dei eldre?
- Kva meiner eldreråda må endrast/styrkast – fungerer lite tilfredstilande i din kommune?
- Kva positive røynsler har eldreråda etter at reforma vart iverksett?

Fylkeseldrerådet har motteke tilbakemelding frå 16 kommunale eldreråd. Ikkje uventa syner svara ulike røynsler frå kommunane, både positive og negative. Nokre kommunar var betre førebudd enn andre i når reforma vart iverksett. Tenestetilbodet innan helse og omsorg var ikkje tilstrekkelig tilrettelagt, særskilt i samband med utskriving av pasientar frå sjukehus.

Ut frå tilbakemeldingar frå eldreråda i kommunane når det gjeld røynsler over kort tid, ser fylkeseldrerådet at kommunane vil få store utfordringar i åra framover, særleg gjeld dette kommunehelsetenesta.

Fylkeseldrerådet ser trong for å styrke samarbeidet med dei kommunale eldreråda og gi råd og hjelp i den grad det er ynskjeleg.

Samferdsel

Skyss kom med ein orientering til Fylkeseldrerådet den 11.04.2013. Marknadssjef Målfrid Vik Sønstabø orienterte om Skyss generelt og dei arbeidsoppgåver som ligg til eininga. Driftssjef Bjarte Årvik orienterte om dagens busspark og prosjektleiar Ivar Håkonsen informerte om sanntidsinformasjon for kollektivtrafikken i Hordaland.

Jette Lunemann Hansen har vore fylkeseldrerådet sin representert i referansegruppa. Arbeidet i referansegruppa starta opp i 2011, og Lunemann Hansen vil representera rådet i valperioden 2011-2015.

Kultur

Fylkeskultursjef Anna-Elisa Tryti fra Kultur- og idrettsavdelinga i fylkeskommunen har vore i rådsmøte og orientert om Planprogram for Regional kulturplan 2014 -2024. Ho peika og på kva fylkeseldrerådet kan medverka i planen. Fylkeskultursjefen vil syte for at eldrerådet vert med i referansegruppe og som høyringsinstans.

Fylkeseldrerådet meiner satsing på kultur er svært viktig for den eldre del av folket. Det gjeld m.a. «Den kulturelle spaserstokken» som kommunane har ansvar for. Det gjeld og mange av dei budsjettpostane som fylkeskommunen har ansvar for. Rådet vil minne om at andel eldre innbyggjarar i fylket stadig aukar, og at denne gruppa både treng ulike kulturelle opplevingar samstundes som dei innehar vesentlege ressursar som kulturberarar og kulturformidlarar. Rådet har serskilt merka seg at tilskota til lokale kulturhus vert redusert. Dette bør ein unngå då dei lokale kulturhusa er sers viktige element i den lokale kulturformidlinga.

AKTIVITETAR I RÅDET 2013

Kurs – konferansar

«Medvirkning i universell utforming etter plan- og bygningsloven» Deltasenteret. Kursstad: Scandic Bergen Airport, 28.- 29. januar 2013.

Program-innlegg

- Introduksjon til kurset v/Pål Lyngstad, *Direktoratet for byggkvalitet, informerte om kompetanseprogrammet*
- Hva er hensikten med kurset, innhald og opplegg, v/ Aina Olsen, *Deltasenteret*
- Hva er rådenes rolle , mandat og oppgaver i fylker og kommuner? v/Anne Berit Kalsås
- Hva er universell utforming? v/Kristin Bille, *Deltasenteret*
- Gruppediskusjon: Hvordan arbeider din kommune/fylkeskommune med universell utforming?
- Viktige lover og retningsliner for rådenes arbeid med universell utforming, v/Anders Eriksen, *Deltasenteret*
- Hvordan medvirke i ulike planprosesser? Suksessfaktorer og fallgruver v/Asle Farner, *rådgiver*
- Hvordan medvirke i ulike byggeprosesser? Suksesskriterier fallgruver v/Jørn Engebretsen, *fagleder byggsak, Re kommune*
- Hvordan kan rådene jobbe for å få gjennomslag i egen kommune/eget fylke? *Diskusjonsleder Asle Farner, rådgiver*

Frå rådet deltok: Margot Bertheussen, Dagfinn Vik, Arne Gunnar Trædal, Monrad Reigstad og Dagmar Reutz Hillestad.

Konferanse om aldersdiskriminering - Norge 2013

Tid og sted: Onsdag 24.april 2013, Oslo Kongressenters auditorium(Folkets hus)

- Velkommen/innledning til konferansen v/ *Ivar Leveraas, Statens seniorråds leder*
- Aldersdiskriminering i Norge i dag: Historiske tilbakeblikk på aldersdiskriminering v/advokat *Erik Råd Herlofsen, rådsmedlem i Statens seniorråd*
- Alderisme og aldersdiskriminering – kunnskap og manglende kunnskap v/ *forsker 1,professor Per Erik Solem, NOVA*
- Refleksjoner om aldring og holdninger til eldre v/*Brita Blomquist*
- Holdninger til eldre – funn fra ny undersøkelse v/seniorrådgiver *Eyvind Frilseth*
- Aldersdiskriminering i Norge sett fra Ombudets ståsted v/*Sunniva Ørsta-vik,Likestillings og diskrimineringsombud*
- Flere aktive og sunne år – behov for forsking og innovasjon v/divisjonsdirektør *Jesper Simonsen, Norges forskningsråd*

Frå rådet deltok: Margot Bertheussen og Dagmar Reutz Hillestad

Den Internasjonale Eldredagen 1. oktober 2013

Fylkeseldrerådet var ikkje aktivt med i markeringa i Bergen. Enkelte rådsmedlemmer deltok i eigen kommune i distrikta.

Verdens aktivitetsdag 10. mai 2013

Dagen vart markert i samarbeide med Bergen Eldreråd, Bergen Turlag, Tannhelseavdelinga i fylkeskommunen og fylkeseldrerådet.

Det var lagt opp til eit variert program: Opning ved ordførar Trude Drevland, borgermester Trygve Fett underheldt med historiske tilbakeblikk om Gamle Bergen.

Brødrene Hermansen underheldt med song og musikk. Born frå Kidsa barnehage underheldt med song, noko dei som var tilstade trivdes med.

Fysiske aktiviteter var ein viktig del av programmet tilpassa dei eldre.

Her vart servert skillingsboller og kaffi, mange frivillige var med og deltok i arrangementet. Tannhelseavdelinga hadde stand med tannlege og assistent tilstade på det gamle tannlegekontoret ved Gamle Bergen.

Eldrerådkonferansen

Fylkeseldrerådet arrangerer årleg ein to-dagars konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland. Konferansen i 2013 var lagt til Grand Hotel Terminus, Bergen onsdag 23. oktober – torsdag 24. oktober 2013. Rådet valde «Omsorgsteknologi og aldersdiskriminering» som tema for konferansen.

Fylkesvaraordførar Mona H. Hellesnes opna konferansen og kultursjef i Kvinnherad kommune Kristian Olav Bringedal sto for kulturinnslaga.

Konferansen hadde følgjande innleiarar og tema:

- Den kulturelle spaserstokken, *innleiar var kultursjef Kristian Bringedal*
- Folkehelsearbeidet i kommunane og presentasjon av regional folkehelseplan, *innleiar Matti Torgersen, utviklingssjef ved regionalavdelinga i fylkeskommunen*
- «Aktiv til 100», innleiar Guro Øvsthus, folkehelsekoordinator i Bergen Turlag
- Samhandlingsreforma, presentasjon av innkomne svar frå kommunane *v/leiar Margot Bertheussen*
- Omsorgsteknologi i eigen heim - erfaring frå Lindås kommune, *innleiar Gro Løvik, prosjektkoordinator omsorgsteknologi, Lindås kommune*
- Aldersdiskriminering, *innleiar Odd Grann*
- Refleksjonar om aldring, *innleiar Brita Blomquist*

På konferansen deltok representantar frå 27 kommunale eldreråd i Hordaland

ERFARINGSUTVEKSLING MED ANDRE FYLKER

Landskonferansen 2013

Det vert årleg skipa til ein landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd. Eit fylke i landet tek på seg arrangementet saman med Statens Seniorråd. I 2013 vart denne konferansen lagt til Rica Hell Hotel, Stjørdal 28.-30. mai med Nord- Trøndelag fylkeskommune som verftsby.

Konferansetema og innleiarar:

- Aktuelt frå Statens seniorråd, *v/Ivar Leveraas, leiar i Statens seniorråd*
- Eldre, tenner, kropp og hovud, *v/ Kjell Erik Øie, statssekretær, Helse- og omsorgsdepartementet*
- Eldre og hukommelse - Helsekartlegging og helsetrender? *v/ Jostein Holmen, professor i HUNT(Helseundersøkelsen i Nord-Trøndelag)*
- Aktiv omsorg i omsorgsplan 2015 – Hvordan forene terapi og praksis?
- Individualisert musikk i praksis?
- Forankring og hvordan fungerer det? *v/ Audun Myskja, nevrologisk musikkterapeut og lege og Odd Håpnes, musikkviter og kultursjef i Levanger kommune*
- Samtalegrupper, tema: Samhandlingsreformen, folkehelse og tannhelse
- Oppsummering frå eldrerådene
- Dagen blei avslutta med busstur til Stiklestad for omvising og festmiddag på Stiklestad Nasjonale kultursenter

- Norge universelt utformet 2025 v/*Anne Karoline Haugan, prosjektleder for pilotfylket Nord-Trøndelag*
- Bestillingstransport i Nord-Trøndelag, v/*Espen Aasen, rådgiver for samferdsel, NTFK*
- Avslutning v/*Arne Flaat, administrerende direktør for Helse Nord- Trøndelag*

Frå fylkeseldrerådet i Hordaland deltok Margot Bertheussen, Kåre Ystanes, Arne Gunnar Trædal, Dagfinn Vik, Anne- Karin Davidsen, Monrad Reigstad og Dagmar Reutz-Hillestad.

Vestlandssamarbeidet

Fylkeseldrerådet i Sogn & Fjordane, Rogaland og Hordaland har gjennom fleire år hatt eit regionalt samarbeide. I 2013 var det Eldrerådet i Rogaland som inviterte dei nemnde råda til samling i Stavanger onsdag 2. oktober – torsdag 3.oktober 2013. Konferansestad: Victoria Hotell, Stavanger.

Tema og program var fylgjande:

- Folkehelse – eksempler på helsefremmende tiltak for eldre.
- Fylkeseldrerådene i arbeid – info frå kvart fylke
- Omvisning på Norsk Oljemuseum.

1. dag vart avslutta med middag på Bølgen og Moi. Rogaland fylkeskommune var vertskap v/ fylkeordførar Janne Johnsen.

- Samhandlingsreformen – erfaring så langt. Innleder Christer Bakke Frantzen, seniorrådgiver hos Fylkesmannen i Hordaland, Helse- og sosialavdelingen
- Sissel Hauge, samhandlingssjef Helse Stavanger og Ingrid Dirdal, rådgiver Stavanger kommune
- Samhandlingsreformen – Oppsummering og spørsmål
- Husbanken – informasjon om ordninger for eldre ift. samhandlingsreformen og folkehelse v/Mabel Johansen, regiondirektør i Husbanken, Region Vest

Frå fylkeseldrerådet i Hordaland deltok: Margot Bertheussen, Kåre Ystanes, Monrad Reigstad, Anne-Karin Davidsen, Arne Gunnar Trædal, Dagfinn Vik og Ingeborg Borgen Takle.

Oppsummering

Rådet har handsama saker på ei rekje område. Serleg viktig er oppfylgjing av fylkeskommunale saker då rådet si viktigaste oppgåve er å gi råd til fylkeskommunen i saker som vedkjem eldre. Fylkeseldrerådet får seg førelagt alle saksdokument til utvala og fylkestinget, og kan såleis gi merknader til alle saker som vert handsama i dei politiske utvala.

Rådet har også sitt eige budsjett som gjer det mogleg å kunne delta aktivt i utforminga av eldrepolitikken i fylket, samhandle med kommunane i fylket samt andre fylkeskommunar i regionen. Eit godt samarbeid med seksjonar og avdelingar gjev god innsikt i den fylkes-kommunale verksemda. Fylkeseldrerådet bør såleis vera ein god rådgjevar for fylkeskommunen i saker som vedkjem eldre.

Bergen, 06. februar 2014

For Fylkeseldrerådet i Hordaland

Margot Bertheussen
-leiar-



Arkivnr: 2014/557-5
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	7/14	06.02.2014

Mandat Fylkeseldrerådet

Eit mandat for Fylkeseldrerådet har vore under arbeid i løpet av hausten. Det vart lagt fram for rådet over bordet på førre rådsmøte og det vart bestemt at saka skulle kome opp igjen på neste rådsmøte. På førre AU-møte kom AU med nokre endringsforslag til mandatet. Desse vert sendt til sakshandsamar på saka og vedkommande vert bedt om å stille på neste rådsmøte under denne saka.

Forslag til avgjerd

Fylkeseldrerådet ønskjer å kome med følgjande endringar til mandatet til rådet slik det føreligg frå administrasjonen:

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksutgreiing – mandat FYEL:

Fylkeseldrerådet i Hordaland er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen og fylkeskommunake verksemder når det gjeld tilhøve som vedkjem eldre og eldre sine levekår. Innføring av lovfesta eldreråd i kommunar og fylkeskommunar 1. januar 1992 (*henvisning lovheimel*), har gjeve eldre personar medråderett i viktige saker på dei fleste samfunnsområder.

Eldreråd er eit lovpålagt organ gjennom Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd. Fylkeseldrerådet er eit fylkeskommunalt organ – eit forvaltningsorgan – oppnemnd av fylkestinget. Funksjonstida for rådet er fire år og følgjer fylkestingsperioden. Rådet får seg førelagt alle saksdokument til utval og fylkesting. Fylkeseldrerådet er ikkje blitt gitt eit mandat frå fylkestinget.

Fylkeseldrerådet har som oppgåve å:

- Vere eit samarbeids- og rådgjevande organ i fylkeskommunale saker
- Gi råd i alle saker som gjel levekåra for eldre
- Arbeide sektorovergripande
- Sjølv ta opp saker som gjeld eldre i fylket
- Samarbeide og har kontakt med kommunale eldreråd i fylket og Statens seniorråd
- Samarbeide med organisjonar

FYEL har sine oppgåver heimla i lovverket, og har i tillegg utarbeida eit handlingsprogram for sine arbeidsoppgåver for perioden 2013 – 2015. Folkehelsearbeid og universell utforming, samt helsefremjande samfunnsplanlegging, idrett og friluftsliv, tilgjenge til ulike kulturtilbod, tannhelse for eldre, samferdsle, serviceskyss og regional planlegging er område fylkeseldrerådet engasjerer seg i.

Fylkeseldrerådet har sju representantar med personlege vararepresentantar. Fem representantar er valde etter forslag frå fylkesomfattande pensjonistforeiningar, og to representantar er politisk valde mellom medlemmene i fylkestinget, ref vedtak i fylkestinget 15.06.00 sak 42/00.

Fylkesrådmannen legg no fram forslag til mandat for fylkeseldrerådet, tilsvarande mandatet gitt til råd for menneske med nedsett funksjonsevne, ref vedtak i fylkestinget 16.10.07 sak 59/07.

Mandat for fylkeseldrerådet:

Fylkeseldrerådet er oppretta i medhald av Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd

1. Samansetjing og funksjonstid

Rådet har sju medlemer oppnemnde av fylkestinget.

Eit medlem med varamedlem vert vald mellom medlemene i samferdselsutvalet og ein medlem med varamedlem mellom medlemene i opplæring- og helseutvalet.

Fem medlemer vert valde etter forslag frå fylkesomfattande pensjonistforeiningar.

Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom pensjonistane.

Rådet vert vald for den fylkeskommunale valperioden.

2. Saksområde/ oppgåver

Rådet sitt sakområde er:

- gi fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- gi fråsegn til fylkesplan og til fylkesdelplanar med verknad for eldre
- gi fråsegn til saker som fylkeskommunale organ legg fram for rådet
- gi råd i alle saker som gjeld levekår for eldre knytt til fylkeskommunal verksemد

Rådet kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemد.

Rådet skal ikkje handsame saker som gjeld enkeltpersonar.

Rådet skal kvart år leggje fram for fylkestinget melding om verksemda si, jfr lova...

3. Sakshandsaming

Saker som gjeld levekår for eldre og som kan ha innverknad på desse skal leggast fram for rådet i god tid før dei skal avgjerast. Rådet skal ha høve til å gi fråsegn i sakene.

Andre saker som er nemnt under pkt. 2 skal leggjast fram for rådet.

Rådet må gjere sitt til at fråsegner vert gitt i tide slik at framdrifta i sakene ikkje vert unødig forseinka.

Rådet og administrasjonen kan avtale nærmare rutinar for saksgang og samhandling.

Det skal førast møtebok frå møte i rådet.

Reglementet for sakshandsaming gjeld elles så langt det passar.

4. Sekretariat

Fylkesrådmannen syter for sekretariat for rådet.

5. Rettar og plikter

Kommunelova kap.7 om rettar og plikter for folkevalde gjeld for medlemene i rådet.



Arkivnr: 2014/557-7
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	8/14	06.02.2014

Studietur til Island

Fylkeseldrerådet har fått tilbod om å reise på studietur til Island saman med fylkeseldreråda i Rogaland og Sogn og Fjordane. Turen vil erstatte det årlege Vestlandsseminaret. Kontakt har vore heldt mellom leiarane i råda, med Sogn og Fjordane som «vert». Tidspunkt vert lagt til 5.-8. mai 2014 og ein søknad er sendt til fylkesordførar om å få reise. Program kjem så snart som mogleg. Fylkeseldrerådet i Hordaland må melde i frå kor mange som deltek etter neste rådmøte. AU har bedt om å få eit handfast program for turen til rådmøtet 6. februar.

Forslag til avgjerd

Fylkeseldrerådet stillar med følgjande medlemar på turen:

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.